



Referat og oppsummering etter forhandlingsmøte om ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden i Sotra Arena.

Møte nr. 3 18.02.2016	Forhandlingsutvala: Sund kommune: Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FRP)
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjørøy/Trond Wincentzen	Fjell kommune: Marianne Sandahl Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Svein Petter Bergh (SL) Anita Garlid Johannessen (FRP) Øygarden kommune: Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP), Andreas Kallekleiv (H) Silvia Haugland (TVØ)
Referent: Siri Fahlvik Pettersen	Administrasjonane: Stig Arne Thune(rådmann i Sund) Lillian Torsvik (møter for rådmannen i Fjell) Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden)
Fråverande:	Jogeir Sognnæs (A)

Sak.nr	Tema/sak	Konklusjon/oppfølging	Ansv
1.	Innleiing, Godkjenning av referat frå møtet 11. februar 2016 Merknader frå møtet den 24. februar 2016	Ordførar Marianne Bjørøy ønskte velkommen. Referatet frå møtet den 11. februar vart godkjent med følgjande merknadar: prosessen går som planlagt i arbeidet med Vesthordland brann- og redning. Dette punktet skal inn i referatet. Krossleitet skal nemnast spesifikt til liks med Vindenessvingen. Referatet vert sendt ut/lagt ut for publisering/informasjon. Følgjande merknadar frå møtet den 24. februar Vorland skal rettast til Forland. Legesenteret skal oppretthaldast på dagens nivå vert presisert når det gjeld opningstid.	SFP
	Dagsorden v/Trond Wincentzen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Godkjenning referat og gjennomgang av 1. utkast 2. Økonomi harmonisering av skatter og avgifter 3. Kommunen som arbeidsgjevar 4. Kommunikasjonsplan 5. Oppsummering og vidare prosess/møteplan 	
	Status og gjennomgang av intensjonsavtalen	Konklusjonar: 1.Arbeidet med framsida på avtaledokumentet er i produksjon (informasjon Fjell). 2.Det er stram tidsplan, berre to møte igjen – viktig å få eit omforeint dokument. Korleis vera effektiv for å få framdrift. Diskusjon om arbeidsform. Forhandlingsutvala vil jobbe vidare samla i plenum, framfor i grupper.	LT
	Kapittel 1.Innleiing	Konklusjonar: 1.Korta ned til mindre enn ei side. Viktig å få med endra/nye oppgåver/og nytt inntektssystem som grunngeving for kvifor kommunesamanslåing. 2.Fordelar og ulemper slås saman med pkt 4. -Det må lagast innhaldsoversyn.	



	<p>Kapittel 2. Visjon</p> <p>Verdiar mål og prinsipp-bytta til overordna mål</p>	<p>Diskusjon: Visjon: eit mentalt framtidsbilete- noko me kan samla oss om. Som eit fyrstårn i vest vil me byggje bruer mellom folk" Me byggjer bruer mellom folk – eit fyrstårn i vest</p> <p>Konklusjon: «Vår nye kommune» arbeidstittel</p> <p>Konklusjonar: 1.Ny tekst til visjonen: Den nye kommunen skal bygge vidare på felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet! 2. Verdiar, mål og prinsipp vert teke ut. Ny tekst vert: «overordna mål» . Det skal inn ny innleiande tekst med verdiar. Den nye kommunen skal byggja på Nytta verdiformuleringar frå eksisterande tekst Omformulera til målsettingar og mål i staden for verdiar – prinsipp og mål. Døme: - Nærteneprinsippet - Byggja vidare på felles strilekultur vert teke ut- elles kan teksten stå og fungera som gode mål – pkt 2. skal ut.</p>	
	<p>Kapittel 5 Kvifor ny kommune ?</p> <p>5.1 Namn og kommunevåpen</p> <p>5.2 Kommunesenter</p> <p>5.3 Språk</p>	<p>Konklusjonar: 1.Ny overskrift med fordelar og ulemper i staden for «Kvifor ny kommune?» 2.Ta med formuleringar frå gamle 1.2 Kommunane har engasjert Telemarskforsking ... stramme opp teksten. Utheva fordelar og ulemper 3.Fordelar: ta med verdiar som å ta vare på kystkulturen på ein berekraftig måte. Ny ulempe- mista lokale særpreg Arbeidstittel- namn- legg namnet til siste møtet- ta det med inn i referanse- styringsgruppe- i kvar kommune til diskusjon</p> <p>4.Arbeidstittelen er «vår nye kommune» Kommunevåpen: nytta Sund sitt</p> <p>5.Straume skal vera kommunesenter med kommunedelsenter på Rong og i Skogsvåg</p> <p>6.Adminstrasjonsspråket er nynorsk</p>	
	6.Demokrati-modellen	<p>Konklusjonar: 1. Setningar frå visjonen om å byggja ein ny sterk kommune- leggjast til som innleiing til avsnittet. 2. Retta opp frå 7 til 9i areal og planutvalet</p>	
2.	Prinsipp for tenesteutvikling	<p>Konklusjonar prinsipp for tenesteutvikling: 1. Innleiinga vart stadfesta Lokale senter vert teke ut, erstatta av at nærtene-prinsippet skal leggjast til grunn. Publikumsretta tenester skal vera sikra i kommunale servicesenter og dei brukarretta tenestene skal vera lokalisert så nær brukarane som</p>	



		<p>mogeleg. Tenestene skal vera på same nivå som i dag, eller betre og gjeldande planar skal vidareførast. Tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, skal sentraliserast. Effektiviseringsvinstar ved etablering av ein ny større kommune skal gje betre tenester til innbyggjarane.</p> <ol style="list-style-type: none">2. Kompetanse; Den nye kommunen skal møta.... vert ny innleiing til pkt 73. Ny tekst legetenesta: Legevakta vert lagt til Straume, legeteneste i kommunedelsentra skal oppretthaldast på dagtid og utover normal opningstid4. Nytt punkt om IKT inn i avtalen5. Kyrkjeleg fellesråd, vert lagt til same tekst som for NAV6. NAV ny tekst; ønskje at dei tenestene som ligg i kommunane i dag vert vidareført	
3.	13. Kommunika- sjonsplan	<p>Informasjon/drøfting og konklusjonar: To ressurspersonar frå Fjell kommune som i tillegg til Vigleik Brekke bidreg inn i arbeidet med ny heimeside og informasjonsarbeid.</p> <p>Presentasjon av «vaar nye kommune» Sida skal vera i drift frå fredag 19. febr eller måndag 22. februar. Opprettar facebook side med same struktur.</p> <p>Forslag til innhald:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Nyhende2. Kalendar med alle relevante arrangement3. Korleis kan ein påverka?<ul style="list-style-type: none">- Folkemøte, innbyggjarundersøking, interaktiv kommunikasjon gjennom facebook med kommunestyrepresentantar.4. Dette meiner politikarane. Presentasjon av politikarar etter underskriven intensjonsavtale. Viktig at innbyggjarane vert kjend med kva ein står for.7. Aktuelle dokument -utgreiingar , kommunikasjonsplan, andre kommunar,8. Lenkjer9. Om oss – redaktørgruppe på tre ordførarar med Vigleik som utøvande redaktør. -Proessen – med løpet fram mot 202010.Heimesida er tenkt som ein start – utviklast undervegs Ofte stilte spørsmål- vert vurdert å ta med.	Ord- førarar



		<p>Kommunikasjonsplanen konklusjonar:</p> <ol style="list-style-type: none">1.Grovskisse når det gjeld framdriftsplan fram til KS 20. juni 2016 lagt fram i møtet og godkjent – med endring av at det ikkje vert utsending i vinterferieveka.2.Eige signeringmøte 11. mars3.Eigne nye møter i forhandlingsutvalet etter folkemøte4.Kommunestyret får eiga løypemelding om intensjonsavtalen. <p>Intensjonsavtalen konklusjonar</p> <p>Ta inn tekst i intensjonsavtalen om kommunikasjonsplanen Sjå til Nordhorland.</p>	
	9.Samfunns- utvikling	<p>Konklusjonar:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Ikkje så detaljert når det gjeld einskilde vegprosjekt.2. Prinsipp – klima miljø vert teke ut3. Realisera lokale samferdsleprosjekt. Viktige traserar vert Sotrasambandet, Nord/sør Ågotnes/Forland Ta vekk fiber- står to gonger Ta vek vegvedlikehald Ta vekk styresmaktene forstår behovet Ta vekk fiber i distrikta Nytta kulepunkt – ikkje skrive alt ut4.Interkommunalt samarbeid: -Utredning av alle interkommunale selskap, føretak, stiftingar med konsekvensar og juridisk/økonomisk gjennomgang som må gjerast i mellomrommet fram mot 2020.5. Ha ein god eigarskapsmelding som vert gjeldane frå 1. januar 2020.6. Klima- miljø og beredskap, overskrifta vert ståande.7. Investering vert flytta til økonomi	
4.	10. Økonomi- skatter og avgifter	<p>Konklusjonar:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Økonomi – harmonisering av skatter og avgifter2. Generelt: få med ei innleiing om at kommunen sin økonomi skal vera i balanse, sikra føreseieleg økonomistyring , skapa handlefridom Sjå til Jæren, Ringeby- Lunner og Gran.3. Øygarden har 155 mill. kr i eigedomsskatt, er i ei særstilling. Det vart stilt spørsmål om kva forventningane er frå Øygarden ? Viktig for Øygarden å ha eit godt desentralisert tenestetilbod. Basistjenestene vert gitt etter nærtjenestepriippet. Viktig å få gjennomført eksisterande investeringsplanar. Alle må kunne bidra inn i eit infrastrukturfond.4. Semje om at det ikkje skal vera eigedomsskatt på hus og hytter5. Semje om eigedomsskatt på verk, bruk og næring6. Viktig å ta greie på kva overgangsreglar som gjeld7. Når det gjeld investeringsprosjekt, er det semje om å vera edrueleg når det gjeld nye prosjekt	



		<p>8. Ikkje setja i gong nye store prosjekt utan å informera kvarandre</p> <p>9. Nytt tekst frå Nordhordland og eksisterande innleing når det gjeld infrastrukturfond.</p> <p>10. Seia noko når det gjeld inntektssystemet- Korleis kjem den nye store kommunen ut – større kommunar kjem betre ut. Leggja til ny tekst.</p>	
	<p>11. Kommunen som arbeids-gjevar</p>	<p>Konklusjonar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Samanslåingsprosessen skal skje i samsvar med lov- og avtaleverk for arbeidslivet. Gode prosessar skal sikra at alle tilsette vert høyrde og kan bidra til omstillinga. 2. Informasjon og prosess når det gjeld tilsette skal sikrast i kommunikasjonsstrategien og referat. 3. Alle har rett på jobb i den nye kommunen og ingen går ned i lønn. Somme vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad/oppmøteplass. 4. Om det vert kommunesamanslåing skal det etablerast eit partsamansett utval. 5. Det skal utarbeidast ein omstillingsavtale. 6. Laga forslag til tekst ut frå innspel i møte og avtaletekst Jæren/Nordhordland. 7. Forhandlingsutvala tek avtaleteksten tilbake til styringsgruppene for forankring/innspel. 	
	<p>Milepæler og døme på prosess</p>	<p>The diagram is a horizontal timeline with a central line and several milestones. From left to right: <ul style="list-style-type: none"> Vedtaks om utredning (green arrow pointing right) Utredningsfase (blue box): <ul style="list-style-type: none"> Nåsituasjonsanalyse Kartlegging av ansatte - demografi, kompetanse og behov Innbyggjemedvirkning Vedtaks om sammenslåing (green dot) Planlegging og organisering (blue box): <ul style="list-style-type: none"> Fellesnemnd Partssammensatt-utvalg Arbeidsutvalg Prosjektleder Arbeidsgrupper Prosjekt-organisasjon på plass (green dot) Intensjonsplan (blue box): <ul style="list-style-type: none"> Overordnede politiske prinsipp De vanskelige diskusjonene Behov for ansettelsestrygghet? Omstillingsdokument (blue box): <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsgiverpolitisk strategi og premisser for omstillingsarbeidet Reglement Delegasjoner/fulmaktar Ledelse for ny kommune på plass (green dot) Organisasjon for ny kommune på plass (green dot) Intern prosess (blue box): <ul style="list-style-type: none"> Prosjektplan Milepælsplan Dag 1, ny kommune (green arrow pointing right) </p>	
	<p>8. Kompetanse</p>	<p>Konklusjonar;</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Eksisterande tekst ok 2. Ny tilleggstekst om å møta framtida sine utfordringar. Rekruttera og utvikla den beste fagkompetansen 	
	<p>13. Vegen vidare</p>	<p>Konklusjon:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Intensjonsavtalen med tekst på kva som skjer fram mot 1. januar 2020. 2. Fellesnemnd som kjem i arbeid 3. Partsamansett utval som kjem i arbeid 	
<p>5.</p>	<p>Tid, stad og plan for neste møte</p>	<p>Neste møte: 24. februar 0900 -1500 i Sund.</p> <p>Tema på neste møte</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ferdigstilling avtalen - Ultimate krav må på bordet i siste møte 	



	Oppsummering	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunikasjonsplan oppdatering - Bruka tida fram til lunsj til endringar og oppdatering av avtalen - Nytt mest tid på medverknadsprosessen etter lunsj - Opplegg for kommunestyrebehandling må avklarast - Verta samd om dato for pressemelding og signeringsmøte (11. mars) <p>Evaluering av dagen;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Konstruktivt og godt møte - Bra at det vart jobba i ein stor gruppe i staden for smågrupper - Bra at ein unngjekk dei små vegstubbane men at det heller vart dei store linjene - Alle har hatt eit ope sinn - Godt andre har gått foran (allereie inngåtte avtalar) <p>Ordførar Marianne Sandøy Bjørøy avslutta og takka for nok eit intensivt og godt arbeidsmøte.</p>	
	Studietur	<p>Informasjon om opplegg og forslag til program:</p> <p>Det er krevjande å laga eit opplegg på så kort varsel. Det er ikkje stadfesta frå alle som er førespurd. Reknar med å ha på plass eit program snarast.</p> <p>Opplegg: torsdag, fredag og (laurdag for dei som vil og for administrasjonen- gjera ferdig avtalen) i KL</p> <p>-Besøk i KL (danske KS)</p> <p>Det er stadfesta at Roskilde kommune kan besøkjast</p> <ul style="list-style-type: none"> - erfaringar frå før, under og etter samanslåing - har hatt fokus på utviklingsarbeid med borgarane i sentrum - konklusjon om at alle ønskjer å reisa. Endelege konklusjonar i møte den 24. februar. 	S.A. Thune og T.W.